



Sjuandeklassingane fekk sjå at det er mektige krefter i vatnet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dette skuleåret er det 17 sjuandeklassingar ved skulen og 16 av dei hadde ei spesiell og stor oppleving ved starten av skuledagen torsdag: Dei var på Bygdetunet Rød og fekk sjå kverna i full drift. Med andre ord opplevde dei levande historie!



Sjande klasse hadde levande historie på timeplanen i går. Her står dei ved kverna. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vassføringa i Rødselva var svært stor denne morgonen etter rikelege regnmengder om natta. Ja, straumen var så stri at museumssjef Kristian Bringedal var redd for at han vart i heftigaste laget. Men demonstrasjonen gjekk fint og kvernsteinen gjorde ein svært effektiv jobb!

- I dag var vi svineheldige, sa lærar Elisabeth Arnesen etterat den spesielle skuletimen var over. Å få til ein skikkeleg demonstrasjon av kverna for elevane kan vera eit problem.

Men ein slik 'kverntime' er midt i blinken utifrå to synsvinklar:

Elevane skal læra om energi i naturfagtimane og nærmiljøet skal nyttast i undervisninga.

Og i dette tilfelle hadde dei ein lærar som kunne alt om temaet.

Opprinneleg var det fire kverner i Rødselva, men den som står der idag er flytta frå Døssland og vart restaurert i 1989 og 1990.

Kristian streka under at dette er ei bygdekvern og ikkje ei mølle, som dei gjerne hadde på større stader, til dømes på Seimsfoss.

Ellers fortel Kristian at han ikkje har elevbesøk i kverna fleire enn ein eller to gongar i året. Men som 'gamal' lærar og museumsmann set han desto større pris på dei når dei kjem.

Aller helst skulle han også hatt ein kveldstime saman med elevane i kverna med mystikk og overtru som tema.....

Av Ola Matti Mathisen



"Møllar" Kristian justerer kornmengda. (Foto: Ola Matti Mathisen)